

Joik - samisk folkemusikk

Joik er den mest kjende samiske musikken. Joiken er ein svært gammal form for musikk.

Ein joik er annleis enn song. Det er ei blanding av å syngje og bruke stemma som eit instrument.

Nokre joikar kan ha korte tekstar. Andre joikar er utan tekst. Ord er ikkje naudsynt.

Joiken er ikkje delt inn i vers. Ho har inga byrjing eller slutt. Difor blir det sagt at joiken varer evig.

Når ein joikar, joikar ein ikkje om noko. Ein joikar noko. Ein kan joike ein person, eit dyr eller ein stad. Nesten alt kan ha ein eigen joik. Joiken har òg vore ein måte å minnast dei døde på.



Mari Boine.

Foto: Henryk Kotowski, CC BY-SA 3.0

I dei siste åra har joiken vorte ein stadig viktigare del av den samiske kulturen. I dag blir joik også brukt i moderne musikk.

Mari Boine er ein kjend samisk artist. Ho har vorte kjend over heile verda for joiken sin.

Spørsmål til teksten:

1. Kva er joik?

2. Kvifor er ikkje joik det same som song?

3. Kvifor kan vi seie at joiken varer evig?

4. Gje minst eit døme på ein artist som er kjend for joiken sin.
